



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
16/1243

Vår ref
16/465-

Dato
25.05.2016

Evalueringen av offentleglova - Høyring

Vi viser til brev av 25. februar 2016 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet har følgjande merknader:

Generelt

Vi meiner rapporten gir ein grundig gjennomgang av erfaringane med den nye offentleglova og viser nokre av dei viktigaste utfordringane med praktiseringa, bl.a. når det gjeld tolkinga av "enkle framgangsmåtar" i samband med opplistingar og kva som er forretningshemmelegheiter i samband med tilbod og protokollar.

Til rapporten pkt. 4.5.1

På side 52, andre spalte er det vist til at 7 departement ikkje journalfører organinterne dokument i den forstanden at dei kjem på offentlig journal. Det blir hevda det at dette gir "klare signal og indikasjonar på at det blir slurva" med journalføringa av slike dokument.

Vi må peike på at det, med visse unntak, framleis er valfritt for organet å journalføre organinterne dokument, jf. arkivforskrifta § 2-6, fyrste ledd. Vi finn det derfor urimeleg at det blir kalla "slurv" av dei departementa som, heilt legitimt, har valt å ikkje journalføre organinterne dokument.

Vi har elles ingen merknader til evalueringsrapporten og ventar på det vidare arbeidet med ein eventuell revisjon av lova.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.sd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Strategi,- økonomi og
administrasjonsavdelinga

Sakshandsamar
Kjersti Nikolaysen
22248146

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.